

Klare for sin første BRIDGE-MEISTERSKAP



TRENINGSKAMP: Her er to frå kvart Nore Neset-lag i aksjon under ein treningskamp heime hos Torhild Rasmussen. Frå venstre Ole Morten Lyhammer Solberg, Emilie Hausvik, Mie Louise Askeland Døsen og Julie Margrethe Nordfonn. (Foto: privat)



TRENINGSKAMP: Frå venstre Annicka Lyssand Skaathun, Lennea Lovise Lundal, Catharina Lundal og Edel Kofoed Rimstad. (Foto: privat)

Os juniorbridgeklubb vart stifta i vinter. No skal åtte av spelarane delta i skulemeisterskapen i Oslo.

Den lange kort-konkurransen finn stad på Løren, like utanfor hovudstaden. Totalt skal dei unge spelarane gjennomføra 10 kampar à fem spel. I praksis vert det bridge frå morgon til kveld heile helga.

Nasjonal konkurranse

Det er Norsk Bridgeforbund som inviterer til konkurransen. Deltakarane kjem frå heile landet. Totalt skal 26 lag i aksjon. To av dei er frå Nore Neset.

– Me starta opp Os juniorbridgeklubb i februar i år. No har me bortimot 30 medlemmer. Mange er blitt veldig flinke, mellom anna dei åtte som no skal debutera i konkurransesamanheng, fortel lagleiar Leif Juvik.

I lag med Torhild Rasmussen, som har hovudansvaret for gjengen i ungdomsklubben, har han faste treningar anna kvar veke i Os folkebibliotek.

– For dei som no skal i aksjon, har det blitt litt fleire treningar den siste tida. Eg trur og håpar dei er klare. Dei blir i alle høve ikkje dei einaste debutantane i denne konkurransen, seier Juvik.

Liveoppdatering på nett

Konkurransforma er lagmeisterskap. Her stiller ein med fire personar på kvart lag, der dei spelar to og to og får samla poeng etter begge laga sin innsats.

Dei to laga frå juniorbridgeklubben består altså berre av elevar frå Nore Neset barneskule og Nore Neset ungdomskule. Difor er laga inndelte i Nore Neset 1 og

Nore Neset 2.

På Nore Neset 1 spelar Mie Louise Askeland Døsen, Ole Morten Lyhammer Solberg, Annicka Lyssand Skaathun og Catharina Lundal.

På Nore Neset 2 spelar Emilie Hausvik, Julie Margrethe Nordfonn, Lennea Lovise Lundal og Edel Kofoed Rimstad.

For interesserte kan ein følgja kampene live på Norges Bridgeforbund sine heimesider.

► **Kenneth Svenningsen**

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Velkommen til SHOWKONSERT

Bli med på ei reise rundt jordkloden full av flott musikk og visuelle inntrykk.

Me vil ta deg med på ei reise 10.000 meter over havet og på vegen vil du få sjå høge fjell, villdyr i dei afrikanske landskapa og dansande isbjørnar i det frostige nord.

Me vil også visa dykk fleire eksotiske byar rundt heile kloden. Og kanskje møter de kjentsfolk på vegen?

Fest setebelta, set mobilen på flymodus og len dykk godt tilbake og nyt

inntrykka. God fornøyelse.

Vegard Fosså og Emilie Rød har hatt regien for showet som går av stabelen 1. desember i Eikelandsfjorden samfunnshus og i Bredablikk på Sævareid 2. desember.

**Eikelandsosen skulemusikk,
Eikelandsfjorden musikklag og
Eikelandsfjorden ungdomslag**

